Alver kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Sigrid Marie Skodje & Erlend Nøttveit
Raunholmskogen 17
9836 Manger

**Søknad om dispensasjon for avstand til kommunal veg for oppføring av garasje.**

Me søkjer med dette om dispensasjon for byggegrense til kommunal veg for ny oppføring av garasje. Me ønskjer å oppføre bygget nærare enn 15 meter frå midt i vegen. Årsaka til at me ønskjer denne plasseringa av garasjen er at tomta har allereie frå husets byggjeår opparbeida område for parkering og garasje. Ei flytting av denne vil øydelegge hagen slik han er bygd opp og komme i konflikt med det einaste flate hageområdet som er egna for leik og rekreasjon. I tillegg er det nivå-forskjell rett vest for garasjetomten som vil skape eit behov for utfylling av masse og nye murer for kunne reise eit bygg her. I nabolaget og langs den aktuelle vegen er det fleire bygg som er ført opp nærare vegmidte enn 15m, så det er difor presedens for dette i området.

Dimensjonane (lengde/ breidde) på garasjen er satt slik at det skal vere god plass til å snu på eiga tomt, og framleis nytte eksisterande privat avkøyrsle. Oppføringa av garasjen vil dermed ikkje påverke trafikksikkerheita, den vil heller ikkje før til auka trafikk i området.

Oppføringa av garasjen vil ikkje påverke sikta langs vegen. Sjå vedlegg 8 for illustrasjon.

Nærleik til tomtegrense mot nord er avklart med eigar av Raunholmskogen 15. Sjå vedlegg 6 (Nabovarsel) og vedlegg 9 (Avtale om plassering av bygg).

Byggets nordre vegg vil være plassert på same stad som nordveggen på eksisterande carport på tomta.  Arealet som carporten no står på vil bli ein del av det framtidige garasje-areal, og den vil derfor verte revet ved byggestart.

Mvh
Erlend Nøttveit og Sigrid M. Skodje

Vedlegg:

1. Skjema for søknad om dispensasjon frå byggegrense
2. Situasjonskart
3. Planteikning
4. Snitt-teikning
5. Fasadeteikning
6. Nabovarsel
7. Kvittering Nabovarsel
8. Illustrasjon sikt
9. Avtale om plassering av bygg

| **Til kommune:** Alver kommune | Til vegavdelinga |
|---|---|

## SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGEGRENSE

**Arbeida på eigedomen kan ikkje settast i gang før løyve frå kommunen er gjeve.**

| | |
|---|---|
| Tiltakshavar | Tlf. |
| Ansvarleg søkjar/utførande Sigrid Marie Skodje / Erlend Nøttveit | Tlf 95155929 / 48077546 |
| Byggeplassadresse Raunholmskogen 17 | Gr r./bnr |
| Vegstrekning Raunholmskogen | Stad Manger |

Tiltaket ligg i område med reguleringsplan
Nei ☐ (Søknaden vert handsama hjå vegmynde).
Ja ☒ Namn på planen: Reguleringsplan for Manger (Søknaden vert handsama hjå Byggesak).

**Søknad om dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg.**

☒ Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense som er 15 m frå midt kommunal veg.
☐ Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense som er ____ m frå vegkant på regulert veg
☒ Vedlagt følgjer grunngjeving for særleg grunn i samsvar med PBL§19-1.
☒ Naboar er varsla om at det er søkt om dispensasjon.
☒ Vedlagt følgjer vedlagt kart/skisse i målestokk 1:500, med påteikna målsett tiltak, som viser avkøyrsle.

| | |
|---|---|
| Kva tiltak dispensasjonen gjeld (garasje, tilbygg m.v.). | Garasje .. |
| Minste avstand frå planlagt bygg - til nabogrense mot veg | m |
| Minste avstand frå planlagt bygg - til midt kommunal veg | 7,4 m |

**Signatur**
Eg er kjend med at vanlege fristar for handsaming ikkje gjeld før løyve til avkøyring er avklart.

| Dato: | Tiltakshavar |
|---|---|
| 10.06.20 | Sigrid Marie Skodje [signature] |

**Søknad motteke hos kommunens vegmynde,** Dato .........................

☐ Uttale ☐ Søknad godkjent ☐ Søknad avslått

**Merknader/vilkår**

☐ Det skal være mogeleg å snu på eige grunn.
☐ Plassering av tiltaket må ikkje hindre sikt for andre trafikktilhøve på staden.
☐ Tiltaket må plasserast slik at krav til sikt for eigen avkøyring vert teke vare på.
☐ Tiltaket må plasserast _______ m frå ledningstracè.
☐ Tiltaket må plasserast _______ m frå midt kommunal veg.
☐ Anna:

Kommunens vegmynde Dato..................... sign. ......................................